



Vestre Slidre
kommune



Kommunedelplan Helse og omsorg 2018-2030

1 INNHOLD

2 EI HELSEFREMJANDE KOMMUNE Å LEVA I HEILE LIVET	2
3 VISJON OG PRIORITERINGAR.....	3
3.1 Vestre Slidre skal vera ein god stad å leva heile livet	3
3.2 Vestre Slidre skal fremje folkehelse og livesmeistring.....	3
3.3 Vestre Slidre skal fremje samhandling og samarbeid.....	4
4 VIKTIGE SATSNINGSOMRÅDER 2018 -2030	5
4.1 Nytt liv i trygge omgjevnader	6
4.2 Tilrettelagte tenester.....	7
4.3 Aktiv deltakar.....	8
4.4 Når det røyner på.....	9
4.5 Aldring og omsorg	10
5 LANGSIKTIGE UTVIKLINGTREKK	11
5.1 Digitalisering og velferdsteknologi	11
5.2 Lokalisering og bygg	11
5.3 Førebygging	11
5.4 Kvardagsrehabilitering og kvardagsmestring.....	12
5.5 Kompetanse og kvalitet for framtida.....	12
6 FØRINGAR	13

2 EI HELSEFREMJANDE KOMMUNE Å LEVA I HEILE LIVET

Målet med å utvikle ein kommunedelplan er å utvikle eit grunnlag for strategiske val og meir konkrete tiltak i eit 12- årsperspektiv. Planen er difor eit viktig styringsdokument for dei folkevalde og administrasjonen som skal sikre forsvarlege tenester for innbyggjarar og tilreisande i Vestre Slidre kommune.

Til kommunedelplan skal det i ettertid utarbeidas ei handlingsplan. Handlingsplanen skal beskrive oppgåver som skal løysast, kven som har ansvaret hvem som har ansvaret, kven som er samarbeidspartane og når arbeidet skal igangsetjast.

I framtidas organisering av offentlege tenester blir det sentralt at den støttar opp under og utløyser alle ressursar som er tilgjengelege. Det aller viktigaste er dei ressursane som ligg hjå personane sjølv, deretter deira familie, sosiale nettverk, nærmiljø, lokalsamfunn, ideelle verksemder og næringslivet. Det vil krevja omstilling av den faglege verksemda med auka fokus på nettverksarbeid, tverrfagleg samarbeid, førebygging og tidleg innsats.

For å få til dette skiftet er det behov for tydeleg leiing, bevisst arbeid med ny metodikk og økonomiske verkemiddel som understøttar endringane. Grunnleggjande verdisyn, handlingar og forståing av rolla som utøvar av offentlege velferdstenester blir utfordra i eit slikt skifte.

Planen omfattar ikkje alle tenester og aktivitetar innan helse- og omsorg. Kommunedelplanen for oppvekst vil ta for seg tverrfagleg og tverrsektoriell samhandling og samarbeid knytt til barn og unges oppvekst.

Kommunen har eit ansvar for at folkehelseperspektivet er heilskapande i all planlegging. For eksempel har bustadbygging, arealplaner og tettstadutvikling stor betydning for innbyggjarane sine moglegheiter til aktivitet, sosialt fellesskap, tryggleik og trivsel. Ivaretaking av heilheitsperspektivet krev at Vestre Slidre kommune lukkast med samhandling på tvers av sektorar og tenesteområder.



3 VISJON OG PRIORITERINGAR

Arbeid, utdanning, helse og bustad reknast som dei fire grunnspillarane i velferdspolitikken. Skal ein oppnå varige resultat, må alle velferdspillarane arbeidast med på same tid. Ein ser difor at det er viktig å ikkje sjå på tenestene i kommunen isolert, men å arbeide på tvers av tenesteområda og sektorane.

3.1 Vestre Slidre skal vera ein god stad å leva heile livet

Gjennom førebygging, medverknad, samarbeid og kompetanseheving skal det leggast til rette for at flest mogleg blir i stand til å mestre eige liv best mogleg og lengst mogleg. Omlegging av meir førebyggjande innsats krev ei bevisst og heilheitleg utvikling av desse verkemidlane. Endringane representera eit skifte der mottakarane må vera meir aktive deltakarar i eigen kvardag. I framtida skal tenestene i større grad ha med brukarinvolvering. Eit sentralt spørsmål som skal stillast til alle er; kva er viktig for deg? Dette gjeld om ein tenkjer på barn, unge, vaksne og eldre.

3.2 Vestre Slidre skal fremje folkehelse og livsmeistring

Begrepet «mestring» er sentralt i kommunens tenester, både innan oppvekstfeltet og helse og omsorg. Kommunen ynskjer å sikre at innbyggjarane får moglegheit til å leva eit aktivt og sjølvstendig liv. Det inneber at tenestane må organiserast slik at dei støttar opp under og utløyser alle dei ressursane som innbyggjaren sjølv har. Dei kommunal tenestane og innbyggjarane må ha ei felles forståing om at dei er likeverdige partar som saman identifisera og mobilisera tilgjengelege ressursar.

Det viktigaste målet er ikkje berre god helse, men livsmeistring. Meiningsfull livsutfolding står sentralt, uansett kva for aldersgruppe ein høyrer til. For alle menneske er det viktig å kunne kjenne at livet kan levast ut, og livskvaliteten blir opplevd som høg, tross sjukdom, funksjonsnedsettelse, omsorgstiltak eller andre årsakar til at ein får eit koordinert tilbod frå kommunen.

Nokon er avhengige av hjelp til kvardagslivets funksjonar og har behov for bistand og omsorg. Andre treng hjelpetiltak grunna omsorgssvikt hjå foreldre eller føresette. Uansett alder hjå den som får tenester frå kommunen, skal tiltaka bidra til å styrke menneska i eigen livsmeistring. Det må difor leggjast meir vekt på eigenaktivitet. Å ha noko meiningsfylt å gå til er eit grunnleggjande, menneskeleg behov og har indirekte stor betydning for helsa. Kva som opplevast som meiningsfylt, variera frå person til person.

3.3 Vestre Slidre skal fremje samhandling og samarbeid

Framtida vil stille endå større krav til samhandling, samarbeid og god kommunikasjon. Tydeleg leiing er og viktig når dette skal arbeidas vidare med.

Internt samarbeid og samhandling

Det skal leggjast til rette for at tenestene opplevast tilgjengelege, trygge, fleksible og koordinerte for den enkelte personen. Difor er tverrfagleg samarbeid og samhandling viktig – både på tvers av tenesteområda, men også internt i dei ulike tenesteområda. Dette fordrar at det er god kommunikasjon mellom tenestane, og at alle er trygge på eigne oppgåver.

Samarbeid med frivillige

Mange frivillige organisasjonar i Vestre Slidre gjer ein stor innsats. Kommunen har tradisjon for godt samarbeid med frivillige personar og organisasjonar.

Folkehelselova gjev kommunane ansvar for å legge til rette for samarbeid med frivillig sektor. Dei nye folkehelseutfordringane som m.a. einsamheit, psykiske plager, fysisk inaktivitet og sosiale helseforskjellar. Det breie tilbodet av aktivitetar gjer at frivillig sektor utpeikar seg som medspelarar innan eit stort område. Samarbeidet mellom kommunen, frivillige organisasjonar, lag, foreiningar og enkeltpersonar må byggjast på prinsippet om at frivillig sektor skal supplere og ikkje erstatte offentlege tenester.

Det er avgjerande at dei ulike partane i eit slikt samarbeid har ein omforeint oppfatning av kva for oppgåver frivillige kan og bør ta på seg, og at den frivillige innsatsen skjer i forståing og nært samarbeid med leiing og andre tilsette.

Samarbeid med familieomsorg, pårørande og nære nettverk

Når det blir behov for å mobilisere omsorgsressursar, er det gjerne dei næreste og det kommunale tilbodet det blir fokusert på først. Kombinasjon av nær relasjon og kompetanse har stort potensiale. Dei kommunale tenesteytarane gjer ein viktig og god jobb innanfor sine rammer, og det foregår mange gode møter mellom kommunale medarbeidarar og innbyggjarar. Dette samarbeidet er essensielt for å få til dei beste løysingane for dei det gjeld og skreddarsy tilbodet med å spela på lag.

Tiltak for å styrke og bevare familieomsorg/pårørande vil kunne få stor samfunnsmessig betydning. For å oppretthalde denne ressursen er det viktig at det blir lagt til rette for å kombinere yrkesaktivitet med omsorg for barn og unge, vaksne og eldre med alvorleg sjukdom, funksjonsnedsetting eller psykiske og sosiale problem.

Regionalt samarbeid

Det interkommunale helsesamarbeidet har eksistert i fleire år, og har skapt gode resultat for pasientane av primærhelsetenestene i vår region. Vestre Slidre kommune ynskjer å fortsette dette samarbeidet og bidra i vidareutviklinga. Det blir gjort eit grundig arbeid i forhold til å sjå på kva slags tilbod det er hensiktsmessig og faglig riktig å tilby som interkommunale tenester.

4 VIKTIGE SATSNINGSOMRÅDER 2018 -2030

Kommunens helse- og omsorgstenester er styrt av ei rekke lovverk, stortingsmeldingar, planar, retningslinjer og strategiar på nasjonalt nivå.

Nokon av dei viktigaste måla i den nye nasjonale helse- og omsorgspolitikken er;

- Å førebyggje framfor å reparere
- Å setja inn innsats tidleg
- Å få ulike ledd i helsetenestene til å arbeide betre saman
- Å flytte tenester nærmare der folk bur
- Å samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok
- Å overføre fleire oppgåver til kommunane, blant anna innan habilitering, rehabilitering, psykisk helse og rus.

Frå regionalt og lokalt nivå kjem det overordna føringar. Dei viktigaste for denne kommunedelplanen kjem frå kommuneplanens samfunnsdel. Eit utdrag av punkt frå samfunnsplanen er:

- Utarbeide og vedlikehalde ei folkehelseoversikt og ein langsiktig og kunnskapsbasert folkehelseplan i samarbeid med nabokommunane.
- Sikre at alle tenesteområder tek omsyn til folkehelse i all verksemd og gjennomfører helsefremjande tiltak i samarbeid med organisasjonar og frivillige ressursar.
- Bevisstgjere innbyggjarane på eige ansvar for tilrettelegging for eigenomsorg, ved å nytte eigen vilje, hjelpemiddlar, teknologiske moglegheiter og frivillige ressursar.
- Følgje opp barn dei fyste leveåra, med tilbod om vaksinering, individuell rådgjeving og grupperetta helseopplysning tilpassa dei ulike aldersgruppene.
- Gje barn og unge i barnehagar og skolar gode kosthaldsvaner, moglegheit for friluftsliv, fysisk aktivitet og symjeopplæring.
- Styrke førebyggjande innsats for psykisk helse i alle aldersgrupper.

4.1 Nytt liv i trygge omgjevnader

Alle barn bør få vekse opp i eit trygt miljø i heimen og i samfunnet. Fastlegen, helsestasjon og barnevernet skal bidra med råd og rettleiing frå svangerskapet til foreldrerolla og vidare i samspelet mellom barnet og foreldra. Tenesteapparatet skal opplevast som nært, trygt og kompetent.

Slik vil vi ha det:

- Alle gravide har fått tilstrekkeleg informasjon for å ta gode val i svangerskapet i forhold til m.a. fysisk aktivitet, rusmidlar og nikotinholdige produkt
- Helsestasjon er initiativtakar og igangsetjar av barselgrupper jamleg
- Utfordingar knytt til barn og/eller foreldre blir oppdaga tidleg og teke tak i før problema blir etablert
- Barn skal bli godt ivaretake og instansane rundt borna skal kunne bidra med rett kompetanse og skreddarsydde tenester når det oppstår ein sjukdom eller eit funksjonstap
- Alle barn og unge opplever meistring ut ifrå sine forutsetjingar
- Tilsette er med å utviklar det positive sjølvbilde og bidreg til at borna får ein positiv identitet.
- Alle tilsette som jobbar med barn og unge skal aktivt arbeide for at dei får positive relasjoner til vaksne, jamn aldrande og yngre
- Lokalsamfunnet skal arbeide for trygge og rusfrie miljø

Dette må gjerast:

- Skapa ulike arenaer og møteplassar der barn og unge kan engasjere seg saman og være med å påverke sin eigen kvar dag
- Ha større fokus på foreldra si psykiske helse. For at borna skal ha det godt treng dei stabile og trygge vaksne rundt seg
- Bruke nettverksmøter og familieråd der det er hensiktsmessig
- Alle barn og foreldre skal oppmuntrast til å velje eit sunt kosthald og eit fysisk aktivt liv
- Vidareutvikle lågterskeltilbod gjennom helsestasjon, skulehelsetenesta, Øvre Valdres psykologteneste og barnevern

Slik gjer vi det:

- Tilsette i alle avdelingar må bruke moglegheita til å vera «oppdagar» i sitt daglege arbeid, og melde frå ved bekymring for barn og unge
- Arbeide aktivt med rusførebyggjande arbeid frå svangerskap, til oppvekst og utsatt debutalderen for alkoholbruk
- Psykiatrisk sjukepleiar skal ha fast tid på skulen for elevane, samt at helsesøster skal bruke meir av tida si på elevar i grunnskulen.
- Følgje tettare opp barn som opplever skilsmisser, samlivsbrot eller sjuke foreldre.
- Vidareutvikle tilboden med foreldrerettleiing uansett alder på barnet
- Sikre eit tett og godt samarbeid mellom helsetenestene, skule, barnehage, politi og frivillig sektor i utvikling og utprøving av tiltak

4.2 Tilrettelagte tenester

Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sikrar brukarmedverknad på systemnivå

Slik vil vi ha det:

- Brukarane skal få rett teneste til rett tid
- Tenesta har fokus på kvalitet og forbetring både på individ og systemnivå.
- Brukarar og deira pårørande skal ha moglegheit for å delta aktivt i utforming av tenestane.
- Innbyggjarar og dei som oppheld seg midlertidig i Vestre Slidre skal ha tilgang til heilheitlege og koordinerte tenester
- Det skal leggast til rette for eit differensiert kultur- og fritidstilbod der alle kan ha moglegheit til å delta
- Kommunen har eit differensiert bustadtilbod for dei som oppfyller krava til kommunal bustad

Dette må gjerast:

- Sikre godt koordinerte tenester på tvers av fag, områder og sektorar.
- Satse på gode fagsystem og ha gode rekrutteringstiltak på manglande kompetanse
- Auke samarbeid med fastlegar, sjukehus og andre institusjonar til det beste for tenestemottakaren
- Alle med behov for koordinerte tenester, som ynskjer det, skal få ei individuell plan
- Koordinere tilbod frå frivillige organisasjonar
- Bidra sterkare i å auke andelen personar som har ein aktivitet å delta i når innbyggjarar skal bu lengre heime

Slik gjer vi det:

- Er løysingsorienterte i forhold til organisering og oppgåveløysing i tenestetilbodet
- Sikre at vi har møteplassar og systema som trengs for samordning og samhandling
- Har gode rutinar for tilsette som til tider står i krevjande arbeid både fysisk og mentalt
- I større grad nytte seg av fastlegane og andre samarbeidspartnarar si kompetanse
- Bidra til at pårørande kan kombinere arbeid og omsorg
- Sikrar nødvendig kompetanse og eit kvalitativt godt tenestetilbod i regionen med logoped



4.3 Aktiv deltarar

Kvardagsmeistring blir eit forankra tankesett i kommunens politiske, administrative og faglege leiing.

«Mø spør: ko æ viktig før deg»

Saman med innbyggaren når vi måla med strukturert arbeid



Slik vil vi ha det:

- Alle i Vestre Slidre har eit breidd spekter av tilbod for fysisk aktivitet
- Ungane i Vestre Slidre får delta i «praktisk arbeid og praktisk leik»
- Befolkinga opplever sjølve å ha god livskvalitet og opplever livesmeistring
- Alle er velkomne til å delta i meiningsfylte aktivitetar i fellesskap med andre
- Alle kan få oppleva glede gjennom aktivitet og mestring
- Kvardagsrehabilitering er ei etablert metode som blir nytta der det er hensiktsmessig

Dette må gjerast:

- Vidareutvikle informasjonskanalane som blir brukt for å nå ut til alle som bur eller oppheld seg i Vestre Slidre om tilboda som finst innanfor folkehelse, friskliv og fysisk aktivitet
- Kommunen viser ein sunn mat- og måltidspolitikk som omfattar alle aldersgrupper
- Arbeide aktivt for felst mogleg er i lønna arbeid tilpassa deira livssituasjon og arbeidsevne
- Auke samhandlinga mellom frisklivssentral, frivilligsentral og frivillige lag og personar
- Vidareutviklar møteplassar for ungdom, slik at dei kan koma med sine tankar, om eigen kvardag og eigne utfordringar

Slik gjer vi det:

- Aukar tilgangen på samanhengande sykkel- og turstigar
- Byggjer vidare på allereie vellykka aktivitetar for barn og ungdom
- Vidareutviklar etablerte tilbod i friskliv- og frivilligsentralen slik at ein når ei breiare brukargruppe
- Bruke ny informasjonsteknologi og sosiale medier for få alle med på aktivitet
- Alle helseaktørar formidlar meir kunnskap om førebyggjande helse
- Alle helseaktørar reklamerar for det breie aktivitetstilbodet
- Ser på moglegheiter der transport er ei utfordring for å kome seg i aktivitet
- Rekruttere fleire frivillige



4.4 Når det røyner på

Visste du at dei aller fleste, på eit eller anna tidspunkt i livet, har behov for samtale om livsproblem eller lidingar som gjeld seg sjølv eller ein av sine næreste

Slik vil vi ha det:

- Fokus på førebygging og tidlig intervasjon, med brukaren i sentrum
- Brukarane opplever eit tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for å finne dei beste løysingane
- Respekt for dei ulike rollene t.d. ved familieomsorg, som pårørande eller som tenesteutøvar
- Bruk av teknologi skal til ei kvar tid vurderast i tenesteproduksjon
- Kunne tilby ei avlastningsordning ved familieomsorg, for pårørande eller andre som står i svært krevjande omsorgsoppgåver
- Alle skal bu lengst mogleg i eigen bustad og oppleva det som trygt
- Alle skal bli møtt med respekt

Dette må gjerast:

- Tenke lokalt og regionalt samarbeid for best bruk av ressursar
- Kommunen skal bidra til auka bevisstheit blant innbyggjarar rundt tilrettelegging av eigen bustad og bygging av universelt utforma bustadar med livsløpsstandars
- Heimebaserte tenester styrkast både fagleg og med ressursar
- Sørge for at kommunen har system for å innhente og ta i bruk erfaringar frå innbyggjarar, brukarar og pårørande

Slik gjer vi det:

- Reklamere i større grad for lågterskeltilbod som finst for rettleiing og hjelp
- Bidra til større openheit rundt psykisk helse og rusproblem
- Utvide tenestetilbodet med kommunepsykolog i eit interkommunalt samarbeid
- Sikre koordinering mellom dei kommunale områda og NAV
- Oppmode innbyggjarar, som vil få eit stort hjelpebehov på sikt, til å ta i bruk velferdsteknologi så tidleg som mogleg
- Gjennomføre årleg opplæring om gjeldande rutinar og eige ansvar i krisesituasjonar jf. aktuelt beredskapsplanverk

4.5 Aldring og omsorg

At det freistar å leva heile livet i Vestre Slidre kommune og at det ligg tilrette for ein aktiv og meiningsfull kvardag for alle

Slik vil vi ha det:

- Hovudfokus på kvardagsmeistring - meistre eige liv og bu lengst mogleg i eigen heim
- Tilsette viser haldningar og verdiar som respekt, verdigheit og personsentrert omsorg
- Pasientforløpa viser dialog og samskaping- alle bidreg/ tek ansvar
- Pasientinvolvering; «ingen avgjerd om meg, utan meg»
- Rett tilbod, til rett pasient og til rett tid
- Tidsriktige lokalar og utstyr– godt planlagt og riktig dimensjonert – i lokalmiljøet
- Eit lokalsamfunn som bryr seg med tydleg dugnadsånd, fellesskap, varme og engasjement
- Andelen mannlege tilsette i helse og omsorgstenesta aukar

Dette må gjerast:

- Styrke eigenomsorga – tenkje helse og førebygging i alle ledd
- Behalde og rekruttere kompetanse for å sikre kvalitet i tenestene
- Dialog rundt ansvar og forventningar til kvarandre – brukar/ pårørande/ det offentlege/ private og ideelle organisasjonar
- Skape eit mangfold av tilbod til pasientar og pårørande
- Velferdsteknologiske løysingar nyttast aktivt, basert på god informasjon og rettleiding til brukarar og pårørande
- Forhindre at årsak til innleggelse på institusjon er därleg ernæringsstatus
- Bygge og drifte eigne institusjonsplassar i kommunen og starte prosess rundt nytt bygg

Slik gjør vi det :

- Fokus på pårørandeomsorg og pårørandeansvar med gode rutinar for tettare samarbeid
- Fokus på langsiktig og heilskapleg kompetanseutvikling
- Utvikle regionale tilbod der det blir for smått med lokalt tilbod
- Står fram som ein attraktiv praksisplass for elevar/studentar frå vidaregåande skule og høgskular
- Oppmode tilsette til etter- og vidareutdanning og formell kompetanseheving
- Aktiv samhandling med Friskliv- og Frivilligsentralen
- Oppmodar heimebuande til å delta på balansetrening og fallførebyggjande kurs
- Utvidar breiddkompetansen med ergoterapeut i kommunen ved nytt lovkrav

5 LANGSIKTIGE UTVIKLINGTREKK

5.1 Digitalisering og velferdsteknologi

Teknologi vil ikkje erstatte menneske innanfor tenestene, men det er eit nødvendig supplement. Velferdsteknologi er i følgje NOU 2011:11» Teknologisk assistanse som bidrar til økt trygghet, sikkerhet, sosial deltaking, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet og styrker den enkeltes evne til å klare seg selv i hverdagen til tross for sykdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne».

Vestre Slidre kommune skal vera framoverlent i arbeidet med å tilpasse tenesta og prosessar digitalt. Det er viktig å ha fokus på at naudsynte utskiftingar og investeringar i IKT utstyr er ein føresetnad for at programma skal kunne virke etter si hensikt. Prosessane må gjennomførast systematisk og med ei tilnærming som sikrar at alle faktorar som er av betydning blir tatt hensyn til. Det dreier seg blant anna om etiske, tekniske og økonomiske forhold.

I vidare arbeid med digitalisering og velferdsteknologi blir det viktig å ha med seg at ikkje alle har god nok netttilgang i kommunen. Fleire av tenestane som for eksempel helsestasjon, skulehelsetenesta, fastlege, psykisk helseteneste, barnevern og heimetenesta må truleg ta i bruk digitale informasjonskanalar og kontaktpunkt i større grad. Det er difor viktig å sikre god netttilgang i heile kommunen.

5.2 Lokalisering og bygg

Vestre Slidre kommune har samla alle sine kommunale tenester for barn, unge, vaksne og eldre i Slidre sentrum. I forhold til barn og unge er dette ein stor fordel, slik at ikkje transport står i vegen for å ta kontakt med eit lågterskeltilbod.

Nye institusjonslokaler skal vurderast i same tunet som Bergtun og omsorgsbustadane i Slidre. Ei slik plassering vidareutviklar tenestane og bidreg til effektiv utnytting av kompetansen som til ei kvar tid er på vakt. Dei mange omsorgsbustadane i same området vil bli tildelt etter søknad, fagleg vurdering og tildelast gjennom vedtak om omsorgsbustad. Omsorgsbustadane skal tildelast menneske med ulike samansette behov, uavhengig av alder. Bustadane kan og nyttast i dei tilfellene der omsorgsbustaden er det middelet som trengst for å førebygge omfattande kommunale tenester.

5.3 Førebygging

Førebygging på eit overordna nivå er strategiar og tiltak som rettar seg mot alle, utan å skilja mellom grupper og individ. Slik førebygging vender seg til heile befolkninga med formål å hindre at problem skal oppstå. Innsats som famnar alle har ei større effekt på folkehelsa enn tiltak som famnar ei bestemt risikogruppe.

Alvorlege helseutfordringar som oppstår i ung alder vil ofte kunne påverke helsetilstanden resten av livet. Ei uheldig utvikling kan føre til betydeleg reduksjon i livskvalitet for den enkelte, og samtidig

auka belastning på kommunens helse- og omsorgstenester. Dei viktigaste tenestetilboda retta mot denne gruppa er dei helsefremjande og førebyggjande tenestane og den tidlege innsatsen som ytes.

Tilsette i alle delar av kommunen har ein viktig funksjon som oppdagrar av meir alvorleg problematikk, slik at innsats kan setjast inn tidleg. Oppdagarrolla er ikkje avgrensa til tilsette i helsetenestene. Eksempelvis er pårørande, naboar, og nettverk for øvrig, ha ei viktig rolle i å oppdage omsorgssvikt, funksjonssvikt, isolasjon/einsamheit, kognitiv endring eller andre teikn på at noko er i vegen hjå andre innbyggjarar i kommunen.

5.4 Kvardagsrehabilitering og kvardagsmestring

Kvardagsmestring er betegninga på eit grunnleggjande førebyggjande og rehabiliterande tankesett som kan gjelde i forhold til alle tenester og tenestemottakarar.

Kvardagsmestring og kvardagsrehabilitering blir viktige element i utviklinga av helse- og omsorgstenestene i Vestre Slidre kommune. Kvardagsrehabilitering er ei metode som er tidsavgrensa og som inneber intensiv, målretta og systematisk trening i å mestre kvardagsaktivitetar lagt opp i brukarens heim eller nærmiljø og ut frå tenestemottakarens eigne mål. Innsatsteamet i kvardagsrehabilitering blir sett saman av tilsette med forskjelleg kompetanse, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar, helsefagarbeidar og hjelpepleiar. Ein slik praksis inneber større ressursinnsats over ei kortare tidsperiode, framfor å måtte gje litt bistand over lang tid.

5.5 Kompetanse og kvalitet for framtida

Nye oppgåver og endra oppgåvefordeling i forhold til spesialisthelsetenesta og staten gjer til at kommunen får eit større ansvar innan barnevern og helse- og omsorgstenestene. Endringa medfører endringar i kompetansebehovet hjå dei tilsette. Kompetanseheving, både hjå utøvande personell og leiing, blir avgjerande fundament i utviklinga av framtidas tenester i kommunen. Ein av dei største utfordingane vi står ovanfor i dag er å rekruttere nødvendig kompetanse for å drive eit kvalitativt godt tenestetilbod. I fyrste rekke vil dette dreie seg om sjukepleiar- og helsefagarbeidarar, psykolog, ergoterapeut, logoped og barnevernskonsulentar.

Legetenesta er ei nøkkeleneste for samanheng og effektivitet i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Fastlegane er sentrale for å nå mange av måla i samhandlingsreformen. Når fleire skal bu heime lenger, er fastlegane si kompetanse avgjerande for at innbyggjarane skal kunne oppleve tryggheit i eigen heim. Fastlegane vil ha ei sentral rolle i utforminga av gode pasientforløp og i deltaking i tverrfagelege team. Tett samarbeid med andre kommunale tenesteytarar er nødvendig og må utviklast vidare.

Utfordingane er like i Vestre Slidre, som elles i landet. Stadig fleire nordmenn får livsstilsjukdommar. Andelen innbyggjarar med psykiske lidinger aukar kraftig. Redusert liggetid og færre døgnplassar innan psykisk helse i 2. linjetenesta, bidreg også til at presset på, og krava til dei kommunale tenestene aukar. Innbyggjarane sine behov for medisinsk og tverrfagleg oppfølging, mangel på sosial kontakt og aktivitet i daglelivet er andre viktige utfordingar.

6 FØRINGAR

Dokument som er kunnskapsgrunnlag for kommunenes kommunedelplan i helse og omsorg

Meld.St. 15 (2017-2018) Leve hele livet

Velferdsteknologi 06/2012 Fagrapport om implementering av velfredsteknologi i de kommunal helse- og omsorgstjenestene 2013 – 2030

St.meld. 47 (2008-2009). Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid

Omsorg 2020 – Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020

Meld. St. 30 (2011-2012). Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk

Meld. St. 10 (2012-2013). God kvalitet – trygge tjenester

Meld. St. 29 (2012-2013). Morgendagens omsorg

Meld. St. 45 (2012-2013). Frihet og likeverd – om mennesker med utviklingshemming

Meld. St. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen - Mestring og muligheter

Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet

NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg

Demensplan 2020 – et mer demensvennlig samfunn, HOD

Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering, HOD (2017-2019) Opptrappingsplan for rusfeltet, HOD (2016-2020)

NOU 2016:17 På lik linje

Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014-2020)

Flere år – flere muligheter. Regjeringens strategi for et aldersvennlig samfunn (03/2016)

Planer på regionalt nivå

Regional planstrategi 2016-2020 – Mulighetenes Oppland i ei grønn framtid

Regional plan for folkehelse 2018-2022

Innlandet universelt utformet 2025 – felles strategi for Hedmark og Oppland

Regional handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2018-2022



Adresse: Vestre Slidre kommune,
Slidretun Slidrevegen 16, 2966 Slidre.
Mail: post@vestre-slidre.kommune.no
Tlf: 61 34 50 00